

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 15.10.2018, kl.14.00 – 15.45

Møtestad: f-salen, rådhuset.

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Grete Melseth (vara)
Ståle Eikrem hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå Kommunerevisjon3 møtte revisor Anne Nygård.

Frå kommunen møtte ordførar Odd Jostein Drotninghaug og rådmann May Helen Molvær Grimstad.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Til sakliste brukte ordføraren taleretten sin og oppmoda kontrollutvalet til ikkje å realitetsbehandle sak 13/18, sida denne var under politisk behandling i kommunen. Leiar Rolf Bergmann sette oppmodinga opp til votering og denne fall mot 3 stemmer. Kontrollutvalet valte å behandle sak 13/18 som ei orienteringssak.

**Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte
28.05.2018**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møtebok frå møte 28. mai 2018 blir godkjent.

**Sak 13/18 Orientering av rådmann om oppretting av nytt legesenter i
Sykkylven**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet daterte 08.10.2018

Saka vart lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Saka vart innleidd med at leiar Rolf Bergmann gav ei stikkordsmessig orientering før rådmann fekk ordet. Kontrollutvalsmeldem Karen Matheson bad om protokolltilførsle på fylgjande: under voteringa om saka skulle behandlast eller ikkje var det ikkje opplyst at leiar skulle gje noko stikkordmessig innleing før rådmann fekk ordet. Karen Matheson meinte dette var brot på kva som var avtalte før voteringa.

Rådmann fekk så ordet og gav ein lysarkpresentasjon rundt sakas tema.

Leiar Rolf Bergmann fremja fylgjande forslag:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 14/18 Påstander om uriktighet ved salg av boliger gjennom Sykkylven Bustadselskap AS

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet daterte 08.10.2018

Saka vart lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Torill Velle bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtrede møtet. Dette var knytt til hennar styreverv i Sykkylven Bustadselskap AS. Kontrollutvalet kjende henne innhabil. Ingen vararepresentant tiltredde møtet og kontrollutvalet var 4 voterande.

Leiar Rolf Bergmann fremja fylgjande forslag:

Kontrollutvalet ber seg framlagt dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i sakas høve.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber seg framlagt dokumentasjon frå Sykkylven Bustadselskap AS på det arbeidet som er gjort i sakas høve.

Sak 15/18 - Budsjettforslag 2019 for Sykkylven kontrollutval

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet daterte 08.10.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 16/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet daterte 08.10.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

17/18 - referatsak: spørsmål frå Rådet for funksjonshemma

Epost frå leiar Rolf Bergmann til Sonja Ø Hustad.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet vart avslutta kl. 15.45.

Neste møte vart avtalt til onsdag 5. desember, kl. 14.00, f-salen

Rolf Bergmann

leiar
(sign.)

Roger Welle

medlem
(sign.)

Karen Elise Matheson

medlem
(sign.)

Torill Velle

medlem
(sign.)

Grete Melseth

varamedlem
(sign.)